



Arkivnr: 2014/21484-4

Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld og Hanne Espe

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.01.2016

Framlegg til kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015-2022 Bømlo kommune. Høringsfråsegn

Samandrag

Bømlo kommune har sendt kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 – 2022 til offentlig ettersyn med frist 30.01.2016.

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er ein tematisk plan som har status som kommunedelplan med heimel i plan- og bygningslova §11-1. Kulturdepartementet set følgjande krav i Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2015, punkt 2.2.7: *Det er eit vilkår for å kunne søke om spelemidler at anlegget er ein del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.*

Bømlo kommune skriv at kommunedelplanen idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015-2022 skal vera eit overordna politisk styringsdokument som vil vera styrande i høve samarbeid mellom kommunen og dei frivillige lag og organisasjonane. Planen blir og viktig for å kunne søkja om tilskot til idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og anlegg for friluftsføremål. Bømlo kommune ynskjer merknader og innspel særleg knytt til:

- Anlegg – utfordringar og behov
- Kva innsatsområde og tiltak bør prioriterast dei neste åra?
- Korleis leggja til rette for uorganisert aktivitet?
- Visjon og målsettingar i eit folkehelseperspektiv

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at mål, strategiar og handlingsprogram svarer på aktuelle utfordringar i Bømlo kommune, er i tråd med vedteken regional politikk, og rår til at gjennomføringa av kommunedelplanen vert prioritert i økonomiplanen.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 04.01.2016

Bakgrunn

Bømlo kommune har sendt Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 – 2022 til offentlig ettersyn med høyringsfrist 30.01.2016.

Statlege retningslinjer for planarbeidet

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er ein tematisk plan som har status som kommunedelplan, jf plan- og bygningslova §11-1: Kommuneplan:

«Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn. Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder. Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen».

Kulturdepartementet set følgjande krav i *Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2015*, pkt 2.2.7: *«Det er eit vilkår for å kunne søke om spelemidler at anlegget er ein del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet».*

Kulturdepartementet har utarbeidd ein eigen rettleiar for utarbeiding av kommunedelplanar for idrett og fysisk aktivitet; *«Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet»* (V-0798, revidert utgåve 2014). I brev av 1. desember 2015 gjer Kulturdepartementet følgjande presiseringar:

- *«Fylkeskommunen kan ikke underkjenne/avslå vedtak om kommunal plan gjort i kommunestyret (med hjemmel/som følge av spillemiddelordningen), men kan velge å ikke prioritere anlegget i tildelingen.*
- *Når dokumentasjon på anleggets plass i kommunal plan ikke foreligger ved idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning skal det i forhåndsgodkjenningen forutsettes at dette foreligger dokumentert ved søknad om spillemidler. Hvis ikke dette foreligger skal ikke spillemiddelsøknaden godkjennes.*
- *Der hvor gjeldende kommunal plan er utgått skal det forutsettes i idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning at anlegget er tatt inn i ny plan før spillemiddelsøknad sendes. Dokumentasjon må foreligge for at spillemiddelsøknaden kan godkjennes.»*

Regionale retningslinjer og vurderingar:

For ei effektiv gjennomføring av den regionale politikken i Hordaland er samspelet med stat og kommunar avgjerande. I handsaminga av planframlegget vurderer difor fylkesrådmannen i kva grad kva grad det samsvarer med vedteken regional politikk på feltet, jf Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025.

Regional kulturplan har som mål å leggje til rette for auka fysisk aktivitet for innbyggjarane i heile Hordaland og føreset mellom anna at dei viktigaste satsingane på idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vert initiert i lokalsamfunn og kommunar. Det er eit sentralt prinsipp å leggje til rette for aktivitets- og anleggsutvikling basert på lokale behov, og dei viktigaste drivkreftene i slike prosessar skal vere innbyggjarane i lokalsamfunna, lag, organisasjonar, skulane mv. Ein godt samordna og forma kommunedelplan som er i samsvar med den regionale politikken er eit tenleg reiskap for å sikre slike samarbeid og for å fremje fysisk aktivitet i kommunen.

Slik fylkesrådmannen vurderer det er heilskapen i framlegget i samsvar med hovudintensjonane i Regional kulturplan. For forankringa og gjennomføringa av den regionale politikken for idrett og friluftsliv er difor Bømlo kommune sitt planframlegg eit godt rammeverk for vidare samarbeid mellom kommune, fylkeskommune og stat. Jf kap 1.2. *Behov og føremål med planen* har Bømlo kommune hatt eit medvite utgangspunkt der planarbeidet er sett inn i ein aktuell samfunnskontekst: *«Idrett og fysisk aktivitet er det området som engasjerer flest menneske i fritida. Det krev aktiv samfunnsplanlegging for å ivareta desse interessene i arealforvaltninga, og for å få til ei fornuftig tilrettelegging og organisering av dei ulike*

aktivitetane...» Det er fylkesrådmannen si vurdering at planen gjev gode svar på korleis ein kan realisere desse ambisjonane.

Merknader til delkapitla:

Tittel

3.11. 2014 sendte Hordaland fylkeskommune høyringsfråsegn til planprogrammet for kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2015-2022 til Bømlo kommune (lagt ved saka). Fylkeskommunen føreslo å gjere *friluftsliv* til ein del av tittelen til kommunedelplanen for å gjere tydeleg prioriteringa og skape eit breiast mogleg eigarskap til planen. Fylkesrådmannen er difor positiv til at tittelen no er endra til *Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv*.

Kap 1 Innleiing og bakgrunn for planen

Planframlegget er sett i samanheng med kommuneplanen sin samfunnsdel og andre overordna kommunale planar. Fylkesrådmannen ser dette som svært positivt, men legg også til grunn at det også bør vurderast å gje planen eit interkommunalt perspektiv, td ved å vise til Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2013-2015.

Kap 2. Overordna rammer og premisser

Ein rår til at følgjande nasjonale og regionale styringsdokument bør inkluderast på lista som er sett opp;

- *Nasjonal transportplan 2014 – 2023*
- *Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv 2014 - 2020*
- *Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftsområder 2014 - 2020*
- *Område for friluftsliv - Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland, Prosjektrapport 2008*

Kap 3 Status førre plan

Status frå førre plan viser at planen har vore målretta og at dei fleste tiltaka er gjennomførte.

Kap 4 Hovudutfordringar

I kap 4 viser tabellane statistikk der det vert delt inn i aldersgruppene 20-66 år (SSB) og 30-66 år (AUD). Etter fylkesrådmannen si vurdering er dette ei stor gruppe med særskilte behov. Statistikken vert såleis vanskeleg å bruke på ein konstruktiv måte.

Direktoratet for naturforvaltning har endra namn til Miljødirektoratet (kap 4.2, avsnitt 6 og 11).

Fylkesrådmannen er positiv til at det vert lagt opp til gratis trening i idrettshallane for barn under 12 år, men oppmodar kommunen til å sjå dette i samanheng med satsing på ungdom og heva grensa til 18 år.

Kap 5 Anleggsstatus og aktuelle prosjekt

I kap 5.2.7 viser kommunen til behov knytt til turn. Regional kulturplan (s 104) seier at basishall er ein arena der fleire idrettar kan drive grunntrening og han bør byggjast i tilknytning til idrettshallar. I desse anlegga står turnelement og apparat fast framme.

I kap 5.5.2 andre avsnitt gjer vi merksam på at vandreprosjektet no er eit nasjonalt prosjekt, «*Det merkes i hele landet*», der det kan søkjast om tilskot til merking og gradering av turløyper.

Kap 6 Mål og strategiar

Hordaland fylkeskommune føreslår eit nytt punkt under kap 6.0: Sikre god drift og vedlikehald av eksisterande anlegg.

Sterk merksemd på ungdom er veldig positivt. Regional kulturplan seier at ungdom treng anlegg som gjev *utfordringar og variasjon, og som legg til rette for nyare og meir eigenorganiserte aktivitetar. Særleg fokus bør ein ha på tilrettelegging av anlegg for å auke jenter si deltaking. Ungdom må få høve til å medverke i utforminga av anlegg*. Anlegga bør fungere som gode sosiale møteplassar i lokalsamfunna. I den

samanheng er det viktig å prioritere samlokalisering av anlegg for organisert og eigenorganisert aktivitet knytt opp mot skular.

Friluftsliv

Fylkeskommunen er positivt til at kartlegging og verdisetting av friluftsområder er eit delmål i planen, men ser gjerne at det vert flytta frå 6.2.1 (Aktivitet) til 6.2.2 (Anlegg og område for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv). I tillegg bør det seiast noko om dette under 4.7.3 i tekstdel friluftsliv. Frå 2018 vil det vere eit krav frå Klima- og miljødepartementet om å ha gjennomført ei kartlegging og verdisetting av friluftsområder for å kunne søke om statleg medverknad til sikring av slike område.

Skulesatsing

Det er svært positivt at planframlegget ser arbeidet i samanheng med andre relevante kommunale og regionale planer. Jf Regional kulturplan er ein aktiv skulekvardag eit av tiltaka, og samarbeid med skulen er viktig både når det gjeld lokalisering og sambruk. Det å satse på meir fysisk aktivitet i skulen er ei nasjonal satsing for mange organisasjonar og offentlege instansar. Det er positivt at det vert vist til Trudvangmodellen, og det bør vurderast å lage konkrete tiltak under punkt 6.2.1 Aktivitet ut over det haldingsskapande arbeidet.

Hordaland fylkeskommune oppmodar Bømlo kommune om å sjå mål og prioriteringar i framlegget til kommunedelplan i samanheng med mål og tiltak i Regional kulturplan 2015-2025 (for innsatsområda fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv og anlegg) og Regional plan for folkehelse 2014 - 2015.

Kap 8 Vedlegg

Hordaland fylkeskommune er positivt til den kartoversikta over ordinære og nærmiljøanlegg som er lagt ved, men oppmodar også om at ein legg til kart over friluftsområde og turløyper. Kart til vedlegg 9. I vedlegg 3 manglar tabellen overskrifter. Veldig mange av dei eksisterande anlegga er ikkje vurdert i høve universell utforming. Dette bør prioriterast for å kartlegge status og informere innbyggjarane i kommunen, særleg med tanke på den positive fokus universell utforming har i planen.